



Vegard Meland
Melandsvegen 258
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/831 - 18/6858

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
03.04.2018

Informasjon til eigarar av landbruksareal langs Mjåtveitvelva

Kommunane i Nordhordland saman med Hordaland fylkeskommune arbeider no med å finna ut kva som er årsak til at fleire vassdrag i distriktet har for dårlig tilstand, og kva ein kan gjere for betre dette. Årsaker til dårleg vasskvalitet kan vera fleire, frå naturlege årsaker til avrenning av næringssalter frå busetnad og landbruk.

Det er fleire etatar som i desse dagar startar eit arbeid med å legge grunnlaget for å rydde opp. Vatn- og avlaupsetaten i kommunane skal sjå på standard og kvalitet på avlaupsordningane. Landbrukskontora skal sjå nærmare på landbruket sine praksisar knytt til handtering av gjødsel og silo. Kunnskap og bevisstgjering om små og store tiltak for å redusera avrenning til vassdraget er eit tema. Dette er eit pilotprosjekt der ein gjennom vassprøvar, jordprøver, bekkevandringar og samtaler med aktive bønder søker å finne gode tiltak for å betre tilstanden i vassdraga våre.

Me tek difor no kontakt med deg som eigar av ein landbrukseigedom som grenser til eit vassdrag der ein skal begynne arbeidet:

- Eikangervassdraget i Lindås, Vestevannet m.fl. på Radøy, Mjåtveitvassdraget i Meland og Solevassdraget i Austrheim.

I arbeidet med å finne ut kva som er årsak til forureining er det dei aktive bøndene vi vil arbeide opp mot. Dersom du ikkje sjølv driv eigendomen, men har leigd den vekk til ein bonde, så er det brukaren me tek vidare kontakt med.

Eli Bjørklid er innleidd av kommunane for å utføre arbeidet. Det er ho som vil stå for dialogen med dei som driv landbruk i nedslagsfeltet til vassdraga evt grunneigarar, kartlegging og komma med forslag til eventuelle tiltak.

Du får dette varselet om at arbeidet vil starte utover våren, men viss vi ikkje høyrer noko frå deg, vil du ikkje verta kontakte nærmare. Vi vil då konsetrere samarbeide med brukaren av innmarka på eigedomen. Dersom det skal setjast i verk nokon tiltak som vil berøra din eigedom, vil du sjølv sagt bli kontakta før noko som helst blir planlagt og/eller satt ut i livet.

Ta gjerne kontakt med landbrukskontoret i din kommune dersom du lurar på noko. Bøndene/brukarane vil få informasjon undervegs om kva prøvetakingar fortel om tilstand og vasskvalitet. Det vil og bli laga ein rapport frå arbeidet der informasjonen som kjem fram vert tilgjengeleg for grunneigarar og brukarar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.